



Oktober 2017

## Medlemsnytt i Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane vinteren 2017/2018

Styret har eit ynskje, eit håp, eit mål og ein plan om å få til meir aktivitet i avdelinga vår og det på fleire stader i fylket. For å lukkast med dette er me avhengig av di hjelpe. Dersom du ynskjer meir spanielaktivitet i området der du bur og kan hjelpe til med ein stad å vera ute eller inne, må du ta kontakt med styret. Det kan vera alt frå ein stad der me kan ha eit medlemsmøte, pelsstellkurs, trening innandørs i vinterhalvåret eller ute i sommarhalvåret.

Dersom du ynskjer å vera med på utlyst spanielaktivitet, må du også hugse å melde deg på innan fristen, for me avlyser alle møter og treningar som har færre enn tre medlemmer frå det aktuelle området påmeldt. Kurs krev ofte fleire påmeldte.

### Slik kjem du i kontakt med styret :

Send sms eller ring leiar

Laila Røneid, Årdal på mobil 95 27 71 45

Eller send mail til: [laila.roneid@gmail.com](mailto:laila.roneid@gmail.com)

**OBS den gamle mailadressa vår**

**[spaniel.sogn-fjordane@klubb.nkk.no](mailto:spaniel.sogn-fjordane@klubb.nkk.no)**

**virkar ikkje for tida då NKK har problem med mailadressene til ALLE  
medlemsklubbane.**



### Styret jobbar for tida med:

- Høyring nytt regelverk for blodsporprøvar
- Ferdigstilling prøvar 2017 og søknader prøvar 2018
- Årsmøtet 2018 med aktivitetsdag
- Nybegynnarkurs og vidaregåande kurs
- Undersøkinga om tema på aktivitetsdag. Det ser i skrivande stund ut til at dagen må utsetjast til 2018



Du finn oss på heimesida  
[www.spaniels.org](http://www.spaniels.org)  
eller på facebook

Aktiv link finn du i eposten du  
akkurat har fått

## Offisielle prøvar



7-8. april: **NKK-utstilling** i Bergen.

Same helg har spanielklubben i Bergen utstilling.

April: planlagt **dobbelt rallystevne** i Årdal

1. mai: Me startar opp med **bevegeleg blodsporprøve**. Til 30. sept.

5. mai: **NKK-utstilling** i Ålesund

juni: Planlagt dobbel **blodsporprøve** på Nordfjordeid

juni: Planlagt **blodsporprøve** i Årdal

1. juli: Me startar opp med **bevegeleg fersksporprøve**—til 30. sept.

august: Planlagt **jaktanleggsprøve og apportprøve**

### Frist for å søke prøvar i 2018 er 31. oktober

Ta kontakt med styret SNARAST dersom du ynskjer å arrangere prøve der du bur!



### Årsmøtet vert truleg i februar 2018,

### kanskje siste helga i februar. Staden vert truleg Sunnfjord

Vanlege årsmøtesaker. Me skal dele ut premiar til årets mestvinnande. Me skal ha sosial samling. Me prøver å få til ein spanielaktivitet.

HUGS: Siste frist for å senda styret saker som skal handsamast på årsmøtet og framlegg til personar til val, er 15. januar. Sakliste vert lagt ut på klubben si heimeside og vert sendt medlemmene på mail.

### Kåring av mestvinnande i fylket

### Frist for innsending av resultat er 1. januar 2018

Statutar finn du på avdelinga si heimeside. Me kårar årets debutant og årets junior.

Send oss forslag på kandidatar! Desse vert kåra på andre/fleire kriterier enn oppnådde resultat! Send resultata på e-posten til leiar. Sjå side 1.

## Møter, samlingar og kurs



**2-3 desember 10 timer triksekurs/rallylydighet** for deg som er fersk/vil vite meir kva dette er.

Me leiger ridehallen på Kaupanger. Sjå link til påmelding og meir informasjon i e-posten. Hovudinstruktør vert Inger Handegård og det vert to hjelpeinstruktørar. Bli med på ei helg med mykje moro!

Medlemmer har 1. prioritet.

### 5-7 januar Kurs for vidarekomne i lydighet/rallylydighet

Også dette kurset vert i ridehallen på Kaupanger. Instruktør vert Hilde Ulvatne Marthinsen. Sjå link til påmelding og meir informasjon i e-posten. 6 plassar. Medlemmer har 1. prioritet.

### Pelsstellkurs i Gaupne

Går kontinuerlig. Kostar kr. 300.– pr. time inkludert utstyr. Ta kontakt med Inger på mobil 918 35 324. Dersom fleire medlemmer i eit distrikt går saman og ordnar med stad, kan det haldast kurs også andre stader i fylket.

### Styret set stor pris på det positive miljøet me har i avdelinga, og vil gjerne styrke dette

Alle kan vera med å hjelpe til med dette. Dette betyr at **EG som medlem** må verta flinkare å gi ei positiv tilbakemelding til den/dei som gjer noko positivt for klubben eller aktivitetar i klubben som eg synes er bra. Dette kan vera alt frå det å arrangere utstilling/prøve til medlemsblad og styrevedtak. Dersom det er ting du er misfornøgd med eller som du ser bør gjerast annleis gir du melding om dette direkte til leiar. Me set pris på både ris og ros og treng dette for å kunne verte betre! Hugs at klubbdrift er frivillig arbeid.